



Ljosvang på Nerås er frå 1922, 1952 og 1966. No er ungdomshuset utvida endå ein gong og framstår som heilt nytt, også med utstyr og inventar. Det er ope for alt frå private lag til festar og offentlege møte.

Storfest for Ljosvang

Bygdene Nerås og Øverås i Vestnes byr inn til fest for det snart 90 år gamle ungdomshuset Ljosvang, som er utvida og så godt som nytt.

NERÅS. – Vi hadde det styggaste ungdomshuset, men no trur eg vi har fått det finaste, seier Anders Øveraas. Ungdomslaget Frihug har valt han til talsmann for nyopninga, og dessutan til å styre opningsfesten laurdag 1. november.

Laget har fått prøvekøyrtd ungdomshuset. Alt ser ut til å virke, noko også arkivleiar Ellen Forland i Vestnes kommune er samd i. Ho og til saman 55 tilsette i kommunen har brukt Ljosvang til møte i to dagar, blant anna for å setje seg inn i den nye offentleglova, og alt har gått fint.

Politikarane kjem. Før opningsfesten skal også kommunestyret prøvekøyre huset, og sjå kva ungdomslaget har fått til for kommunale kroner.

– Tida er slik at dette må til, seier Øveraas om den store innsatsen, ikkje minst i form av rein dugnad.

Huset er blitt over ein halv gong til så stort som det var. Målt i pengar er utvidinga mykje større, nå vi veit at kjøkken og bad er det dyraste i alle hus.

Spel og teater. Laget har lang og solid tradisjon for teater og gamle spel, som er fast innslag kvar romjul. Men ikkje i fjor, då huset var stengt, og kanskje heller ikkje



Ellen Forland og 54 andre i Vestnes kommune har brukt nye Ljosvang til møte i to dagar, og er godt nøgde. Neste gong kjem kommunestyret.

no, etter den store ekstrainsatsen gjennom så lang tid.

– Vi er ikkje heilt i mål. Skodespelarane treng garderobar og rom bak scena, så det er meir å gjere for dei som kjem etter oss, seier Øveraas.

– Ljosvang er perfekt for oss, og godt og moderne, seier Anders Øveraas, og minner om at sjølv den største skodespelar har starta ein plass.

Frilynd ungdom. Den frilynde ungdomsrørsla står ikkje lenger like sterkt alle stader, og frivillig arbeid er ikkje så lett å få til i gode tider. Difor er UL Frihug ekstra godt nøgd med alt dei har fått til.

– Vi ser ein oppsving fleire stader. Tomrefjord har fornya Idahall, som er noko større. Vi har Bjørnsonshuset til riktig store arrangement og eg trur det er vik-



Tida er slik at ungdomslaget måtte bygge ut og modernisere, seier Anders Øveraas om utvidinga til 3,3 millionar kroner.

tig at vi har desse husa rundt i bygd og by.

Ljosvang er no blitt slik at UL Frihug også håpar på meir utleige. Dei merkar alt interessa for å bruke huset til bryllaup og konfirmasjonar, og trur potensialet er stort.

Blomar og takk. Men først skal dei feste og startar kvelden med vorspiel, middag og koseleg lag for dei som har stått i spissen for utbygginga.

Deretter vert det blomar, takk og talar for alle som vil vere med, før festen held fram med humor og dans på lokalet.

Sjølv er Anders Øveraas gammal rockar og med i gruppa Team, som byr på musikken.

HELGE GLOPPEN
helge.gloppen@smp.no

Drivande helselag

Vestnes kommune har gjeve 687.000 kroner i tilskot til Ljosvang-utvidinga, og fylkeskommunen 833.000 kroner.

PENGAR. Men det som gjorde utslaget var 300.000 kroner frå Øverås Helselag.

Helselaget har dessutan forsynt kjøkkenet med nytt utstyr over heile fjøla. Inne i skapa står koppar, glas og tallerkar, sirleg ordna og listeført. Alle stolar og møblar i huset er nye, takka vere Helselaget.

– Ungdomslaget har stelt økonomien godt, slik at vi no er i hamn med ei utviding til 3,3 millionar kroner, fortel Anders Øveraas.

Resultata kan alle sjå. Dei nye

toalett- og baderomma har kvite fliser frå golv til tak. Inngangspartiet er nytt og det same er trappa opp til den store og utvida festsalen i andre høgda.

Kontrasten er stor også i reine pengar til første byggesteg i 1922. Då lånte laget 1000 kroner i Vestnes Sparebank og fekk opp kjellarhøgda. Andre etasje kom først 30 år seinare og kosta 10.000 kroner i lånte pengar. I midten av 60-åra fekk huset innedo.

Laget har ordna, fiksa og modernisert heile veggen.

– No var tida komen til at noko måtte gjerast, særleg med toalettdelen og kjøkkenet. I tillegg har vi fått heis til andre høgda og lagt til rette slik at funksjonshemma kjem seg fram over alt, fortel Øveraas.